

EKSAMENSREGLEMENT/-RETTLEIING HARAM VIDAREGÅANDE SKULE



GJENNOMFØRING AV EKSAMEN

Frammøte

Du møter i eksamenslokalet seinast 15 minutt før eksamen startar. Dersom du kjem etter kl 10:00, får du ikkje ta eksamen denne dagen.

Eksamenslokalet

Du set deg straks på merka plass. Bluetooth skal vere avslått. Mobiltelefonar må slåast av og leverast inn. Smartklokker er heller ikkje tillatt. Headsett/øyreproppar som er tilkobla PC med ledning er tillatt, men du må ikkje sjenere andre med høg lyd. Når eksamen har starta, er det ikkje tillatt med noko form for kommunikasjon, verken med medelevar eller digitalt. Viss du treng hjelp til noko, eller ynskjer å forlate eksamenslokalet, må du kontakte eksamensvakta.

Eksamenstid

Eksamenstida er oppgitt i eksamensoppgåva. Du kan få inntil 15 minutt i tillegg til å klargjere og levere oppgåvesvaret.

Merking og utfylling av svarark

Du fyller ut svarark etter rettleiing frå skulen på eksamensdagen. NB! Du må ikkje skrive namnet ditt på svararket.

Levering av oppgåvesvaret

Når du skal levere oppgåvesvaret ditt, må du gje teikn om dette til eksamensvakta. Svararka skal liggje i rett rekkefølge. Eksamensoppgåva må leverast inn dersom du leverer oppgåvesvaret før eksamenstida er ute.

Dersom sjukdom eller anna rimeleg grunn til forseinking har hindra deg i å fullføre oppgåvesvaret innafor den fastsette tida, kan kladdeark leggjast ved oppgåvesvaret. I slike høve skal skulen leggje ved særskild melding om dei forholda som ligg til grunn for dette.

Elektronisk eksamen (PGS-eksamen)

Fleire eksamenar vert no gjennomført elektronisk. Du får på eksamensdagen utlevert brukarrettleiing for kandidat. Der går det tydeleg

fram korleis eksamen skal gjennomførast (pålogging, nedlasting av oppgåve, lagring, opplasting og levering av oppgåvesvar). Etter å ha levert, ser du ei kvitteringsside. Frå kvitteringssida kan du registrere e-post-adressa di og mobilnummeret ditt for å få ein kopi av eksamenssvaret ditt på e-post. Eksamenssvaret blir ikkje sendt før neste dag.

Bruk av PC til skriftleg eksamen

Du får i god tid før eksamen utdelt eit skjema der du må signere på at du har lese og forstått reglane for PC-bruk til eksamen.

Hjelpemiddel ved eksamen

Skulen gir informasjon om kva hjelpemiddel det er lov å bruke under eksamen. Sjå eigen link på heimesida. Som hovudregel er alle hjelpemiddel tillatt utan bruk av kommunikasjon og oversettingsprogram. Nettkontroll begrensar internetttilgangen. Du er sjølv ansvarleg for å bruke berre dei tillatte hjelpemidla.

Fusk eller forsøk på fusk

Prøve/eksamen i eit fag skal annullerast dersom eleven har fuska eller gjort forsøk på å fuske. Dette gjeld også dersom det er sensor som oppdagar fusk eller forsøk på fusk.

Spørsmålet om annullering av eksamen i faget skal avgjerast av rektor. Du skal ha høve til å uttale deg munnleg før rektor fattar enkeltvedtak om annullering av eksamen.

Eleven har likevel rett til å fullføre eksamen på eksamensdagen.

Enkeltvedtak om annullering av eksamen kan påklagast til Fylkesmannen.

Dersom eksamen i eit fag vert annullert på grunn av fusk eller forsøk på fusk, fell standpunkt karakteren bort, og du kan gå opp til eksamen i faget som privatist tidlegast eitt år etter den annullerte eksamen. Skulen informerer eleven og dei føresette til elevar under 18 år om klageretten. Fusk eller forsøk på fusk vil kunne få konsekvensar for karakteren i åtferd. (Jf. § 5.17 i Reglement i orden og åtferd for elevar ved dei vidaregåande skulane i M&R fylke).

Bortvising frå eksamen

Du skal ikkje hindre eller forstyrre gjennomføringa av eksamen. Dersom åtferda di er i strid med dei retningslinene som

Utdanningsdirektoratet/Fylkeskommunen har for prøvegjennomføring og

eksamen, kan du etter å ha blitt åtvåra, visast bort. Bortvising frå eksamen skal avgjerast av rektor, og er eit enkeltvedtak som kan påklagast. Enkeltvedtak om bortvising frå eksamen kan påklagast til Fylkesmannen.

Eleven skal ha høve til å uttale seg munnleg for rektor før rektor eventuelt fattar enkeltvedtaket om bortvising. (Jf. § 5.18 i Reglement i orden og åtfærd for elevar ved dei vidaregåande skulane i M&R fylke).

Forfall og sjukdom under eksamen

Dersom du på grunn av sjukdom ikkje kan møte til eksamen, må du straks kontakte lege. Sjukmelding skal snarast mogleg leverast til kontoret ved skulen. Du som har møtt og blir sjuk under eksamen, må straks melde frå til eksamensvakta. Eksamensvakta varslar leiinga ved skulen. Rektor avgjer om det ligg føre grunnlag for å avbryte eksamen med rett for eleven til å gå opp til utsett prøve. Avgjerda til rektor kan klagast på til Fylkesmannen.

EKSAMENSRESULTAT OG RETT TIL KLAGE

Du har etter at karakteren er kunngjort, rett til å gjere deg kjend med ditt eige eksamenssvar. Dersom du ber om det, har du rett på kopi av skriftlege eksamenssvar. Skulen orienterer om klagerett (utdrag frå Lovdata) og fristar for klagebehandling i eige skriv og på heimesida.

NY-, UTSETT- OG SÆRSKILD EKSAMEN

Ein elev kan ha rett til ny-, utsett eller særskild eksamen. Skulen informerer dei elevane dette gjeld. Elevar i vidaregåande opplæring må sjølv melde seg opp til ny-, utsett eller særskild eksamen, (jf. Forskrift til Opplæringslova § 3-30, § 3-31 og § 3-32).

§ 3-30 Særskild eksamen for elevar i vidaregåande opplæring

Ein elev som får karakteren 1 i standpunktkarakter i eit fag, har rett til særskild eksamen i faget dersom han eller ho ikkje er trekt ut til eksamen i faget. Det gjeld og for fag der det ikkje blir halde eksamen ordinært.

§ 3-31 Ny eksamen for elevar i vidaregåande opplæring

Ein elev som får karakteren 1 ved ordinær eksamen, har rett til ny eksamen i faget ved første etterfølgjande eksamen. Eleven beheld då standpunktkarakteren i faget. Dersom eleven ikkje går opp til første

etterfølgjande eksamen, må han eller ho ta faget som privatist, og standpunktvurdering i faget fell bort.

§ 3-32 Utsett eksamen for elevar og privatistar i vidaregåande opplæring

Ein elev eller privatist som har dokumentert fråvær ved ordinær eksamen og særskild eksamen, eller ein elev som har dokumentert fråvær ved ny eksamen, har rett til å framstille seg til første etterfølgjande eksamen. Eleven beheld standpunktkarakteren i faget. Dersom eleven ikkje går opp til første etterfølgjande eksamen, må han eller ho ta faget som privatist, og eventuell standpunktvurdering i faget fell bort. Dersom ein elev har rett til utsett eksamen i trekkfag, skal trekkinga av fag gjerast på ny.

Viss du ikkje brukar retten til ny-, utsett eller særskild eksamen, er du å rekne som privatist i faget.

Vi gjer merksame på at viss du har fått karakteren IV til standpunkt, er du å rekne som privatist i faget.

SÆRSKILD TILRETTELEGGING AV EKSAMEN

Skulen orienterer i god tid før eksamen om at elevar kan søkje om særskild tilrettelegging av eksamen ved behov. Dokumentasjon må leggjast ved søknaden som stilast til rektor. Avgjerda til rektor kan klagast på til Fylkesmannen. Skjema for å søkje om særskild tilrettelegging av eksamen, finn du på heimesida under fana Eksamen.